

# Månadsbrev frå Reben – NOVEMBER ☺



**HAUST, SNART VINTER:** Barna har fått kjent på kroppen og opplevd fyrstehandserfaringar med at naturen gjer seg klar til vinter, og at vi no er i den seiste haustmånaden. Allereie den fyrste turen i november vart det for kaldt på hendene då vi skulle ete lunsj, så turen måtte brytast og vi åt resten av lunsjen i barnehagen. Men det er ingen skam å snu! Vi må lytte til kvarandre og været og kva som er best for gruppa. Det å vera kald og våt er for mange barn (og vaksne) ein ubehageleg følelse, men absolutt ikkje farleg. Det er tvert imot viktig å møte motgang, slik lærer ein sin egen kropp og viljestyrke å kjenne. Når vi då kjem inn igjen i varmen, som ein blir ekstra takksam for, lærer barna at neste gong vi er kalde, våte og leie, så blir det bra igjen etterpå. Fyrstehandserfaringar og *learning by doing*. Ut i frå dette, har vi snakka om kva naturen, dyr og planter gjer når det blir kaldt og vått og ubehageleg. Korleis forbereder dyr, fuglar, insekt og planter seg til vinteren? Og kva for endringar skjer no om hausten? Nysgjerrighet og undring.

**BJØRNegruppa:** Bjørnegruppa var på kulturhuset ein heil dag saman med barne- og ungdomselevane ved Meløy vgs, lærte om fisk og sunn mat og korleis dei kan lage fiskemiddag. Dette var stor stas då barna fekk både t-skjorter og drikkeflasker. Halvparten av barna fekk seg plaster på fingeren som ein suvenir etter hardt arbeid på kjøkkenet. Tema i bjørnegruppa denne månaden har vore mønster og former. Her har dei lært ulike mønster og former. Kva ser vi rundt oss som har mønster som prikkar, striper og ruter? Kva ser vi rundt oss som er trekanta, firkanta eller rundt?



**TEMA:** Trafikksikkerhet har vore samlingstema denne månaden. Der har vi snakka om kva som er viktig å kunne for barn i trafikken.

Trafikkreglar og bruk av refleks. Det var artig at barna allereie kunne mykje om refleksbruk i mørketida, dette hadde dei peiling på!



Populær frileik inne: Brettspill, lego, klatre i ribbevegg, leike kafé, perler og teikning.

Populær frileik ute: Den nye snurredessa!

**VENNSKAP OG INKLUDERING:** Vi jobbar kontinuerleg og på mange måtar med vennskap, inkludering og trivsel. Ein av måtane vi jobbar med dette på er å vera ein støttande vaksen i leik, og god rollemodell for barna i det kvardagslege. Det er ikkje nok å lese ei bok om vennskap og tru at barna er ein perfekt venn, om vi ikkje set eit godt eksempel for kva det vil seie. Vi vaksne er dei barna lærer av og ser opp til. Og dette gjeld heile dagen, ikkje berre delar av dagen. Derfor er dette teamet noko vi vaksne heile tida tenker på når vi er i leik med barna eller som støttande observatørar.

Dette var Charlotte sin seiste månad som pedagogisk leiar på Reben for denne gong, då ho tek permisjon fram til sommaren. Vi kjem til å sakne ho veldig, og ynskjer ho masse lukke til på skulen. No er det Bjørn Olav som tek over skuta på Reben framover, så får vi sjå korleis det går! ☺ Desember er snart i gang, og då er det ofte mykje som skjer i heimane. Me vil sjølvsgårt ha juleførebuingar og aktivitetar, men me vil óg legge til rette for at barnehagen blir ein arena der barna kan få roe ned, slappe av og berre glede seg til jul. Så håpar vi det blir ein snørik desember med snøenglar, snølykter og aking ☺ Ha ei god adventstid!

Mvh

Torill, Tove, Katrin, Veronica, Charlotte og Bjørn Olav